



Arkivnr: 2019/2051-61  
Saksbehandlar: Toralf Rutledal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		02.05.2019

### Ymse tilskot: utlysing av restmidlar

#### Samandrag

11. desember 2018 gjorde fylkestinget i Hordaland vedtak om budsjettposten ymse tilskot. Samstundes bad fylkestinget fylkesrådmannen om å lyse ut restsummen på 365 000 kroner på nytt. Dette vart gjort i januar. Innan utløpet av fristen 1. mars kom det inn 38 søknader. Desse er vurdert opp mot kriteria for ordninga, som fylkesutvalet vedtok i PS 64/18.

**Økonomi:** Tilskota har ikkje verknader på økonomien for Hordaland fylkeskommune utover budsjettamma for ordninga.

**Klima:** Vedtak i tråd med forslaget kan ha positiv effekt for klimaet.

**Folkehelse:** Vedtak i tråd med forslaget kan ha positiv effekt for folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Vedtak i tråd med forslaget kan bidra til å oppnå måla i regional planstrategi og regional utviklingsplan.

#### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtek følgjande tildeling av midlane i restsummen innanfor budsjettamma for ymse tilskot for 2019. Søkjarar som ikkje får tilskot, får avslag.

Søklar/prosjekt	Tilskot
Pensjonistforbundet Hordaland	20 000
FRI Bergen og Hordaland	300 000
ME-foreningen i Hordaland	10 000
Norsk Forening for Slagrammede Bergen og omegn	10 000
Norsk Folkehjelp Sunnhordland	25 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand  
fylkesdirektør øk.- og org.

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 11.04.2019****Saksutgreiing:**

Hordaland fylkeskommune får kvart år ei rekke førespurnader om økonomisk stønad og/eller annan medverknad til ulike føremål, aktiviteter og arrangement, som ikkje fell innanfor dei etablerte tilskotsordningane.

I sak 228/13 vedtok fylkesutvalet at søknader om støtte til tiltak dekkja over fylkesutvalet sin rådeveldekonto måtte syne at føretaket kjem hordalandsamfunnet til gode, og at det ligg innanfor kjerneområda for fylkeskommunen si verksemd.

I sak 64/18 vedtok så fylkesutvalet følgjande nye kriterium for slike tilskot:

- Tilskotet går til tiltak som kjem Hordaland-samfunnet til gode, og ligg innanfor kjerneområda for fylkeskommunen si verksemd.
- Tilskotet går til tiltak som understøttar hovudmåla som går fram av utviklingsplan for Hordaland.
- Tiltaket kjem ikkje innunder andre HFK-ordningar.
- Gjennom tildelingane skal det søkjast å oppnå ei viss rullering mellom søkjarar, for å sikre at flest mogleg aktørar vert tilgodesett.
- Midlar som ikkje vert nytta ut frå gjevne vilkår, kan krevjast betalt tilbake.

Lag, grupper, institusjonar og organisasjonar kan søkje om desse midlane.

Følgjande tabell gir ei oversikt over søknader som kom inn innan fristen 1.3.2019. Det er lagt inn informasjon om namn på søkjar, kva det søkjast midlar til, totale utgifter, søknadssum, vurdering og tilråding.

Søkjjar/prosjekt	Om prosjektet (ifølgje søkjar)	Totale utgifter	Søknadssum	Fylkesrådmannen si vurdering	Tilråding
Pensjonistforbundet Hordaland	Ekstrabevilling til drift.	200 000	25 000	Pensjonistforbundet sitt arbeidet er viktig for ei monaleg gruppe innbyggjarar i Hordaland.	20 000
FRI Bergen og Hordaland	Tilskot til informasjonsarbeid, kurs, skuleringsarbeid og arbeid med å skape trygge sosiale møteplassar for personar i alle aldrar som bryt med normer for kjønn og seksualitet. Det vil også bidra til å kunne hjelpe fylkeskommunen med å nå vedtekne mål for likeverd og inkludering.	300 000	300 000	Foreningen FRI sitt arbeid understøtter i stor grad målet i utviklingsplanen om eit inkluderande samfunn, og aktiviteten deira er særskilt viktig for utsette grupper i heile fylket – mellom anna i vidaregåande skular. Dagens aktivitet i organisasjonen føreset tilskot frå fylkeskommunen.	300 000

Søkjjar/prosjekt	Om prosjektet (ifølgje søkjjar)	Totale utgifter	Søknadssum	Fylkesrådmannen si vurdering	Tilråding
Stiftinga Røldal Freeride	Tilskot til arrangementa Røldal Freeride Junior 2019 og Røldal Freeride Challenge 2019.	-	50 0000	Tiltaket vurderast å ikkje ha brei regional karakter, og bidreg i avgrensa grad til oppnåing av måla i utviklingsplanen.	-
Foreningen Eidsvåg Kulturhus	Tilskot til å starte opp en kodeklubb og skaparverkstad i utgangspunktet for barn og ungdom	85 000	85 000	Tiltaket har preg av å vere lokalt retta, og femner i avgrensa grad om heile hordalandsamfunnet.	-
Hjelteryggen velforening	Tilskot til ballbinge.	400 000	100 000	Tiltaket har preg av å vere lokalt retta, og femner i avgrensa grad om heile hordalandsamfunnet.	-
ME-foreningen i Hordaland	Tilskot for å drive informasjonsverksemd retta mot skular, PP-tenester, helsetenestar, legar, psykologar og anna helsepersonell, samt NAV. Sitat frå søknad:  «I 2019 var noen av styremedlemmene rundt i regionale OT/PPT-samlinger i HFK og informerte om dette, samt svarte på spørsmål. Vår opplevelse var ny innsikt og forståelse hos de som var til stede. Likevel er det stort behov for å nå breiere ut.»	125 000	125 000	Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket kan femne og ha nytte for innbyggjarar i heile regionen.	10 000
Frivilligsentralen/Stord kommune	Tilskot til trioBike Taxi elektrisk trehjuls lastesykkel.	57 000	57 000	Tiltaket har preg av å vere lokalt retta, og femner i avgrensa grad om heile hordalandsamfunnet.	-

Søklar/prosjekt	Om prosjektet (ifølgje søklar)	Totale utgifter	Søknadssum	Fylkesrådmannen si vurdering	Tilråding
MELAND KOMMUNE v/ Prosjekt trygt og godt oppvekst- og skulemiljø	Foredragsrekke – Trygg og god oppvekst i Meland/Alver kommune. Formidle kunnskap og engasjement om psykisk helse og livsmestring hos ungdommar.	-	40 000	Omfanget til tiltaket har kommunal karakter, og oppfyller i lita grad kriteriet om å kome heile fylket til gode.	-
Norsk Forening for Slagrammede Bergen og omegn	Tilskot til drift og arrangement.	-	Ingen søknadssum	Foreninga er eit lokallag, men dei har nedslagsfelt i heile fylket. Slik sett vurderast dei å oppfylle kriteriet om å dekke heile fylket.	10 000
Etne Sogelag og Etne Husflidslag	Støtte til systematisering og digitalisering av registreringar av bunader igjennom tidene.	-	Ingen søknadssum	Tiltaket har lokalt preg, og kan høyre innunder søknadsordningar for arkiv og dokumentasjon.	-
Nore Neset Skulekorps	Tilskot til drift.	-	Ingen søknadssum	Tiltaket har preg av å vere lokalt retta, og femner i avgrensa grad om heile hordalandsamfunnet.	-
Stord sykleklubb	Tilskot til innkjøp av stisyklar for utlån.	-	60 000	Tiltaket har preg av å vere lokalt retta, og femner i avgrensa grad om heile hordalandsamfunnet.	-
Sandvoll ordskiftelag	Tilskot til oppgradering av samlingshus.	-	80 000	Tiltaket har preg av å vere lite regionalt retta. Det kan også sjå ut til å kome innunder støtteordning for lokale kulturbygg.	-

Søklar/prosjekt	Om prosjektet (ifølgje søklar)	Totale utgifter	Søknadssum	Fylkesrådmannen si vurdering	Tilråding
Stord internasjonale kulturklubb	Midlar til å arrangera eit inkluderings-/integreringsseminar i løpet av jubileumshelga 22.-24. november 2019 og oppfølging av tiltak framkome på seminaret.	-	40 000	Tiltaket har preg av å vere lokalt retta, og femner i avgrensa grad om heile hordalandsamfunnet.	-
Haugesund turistforening	Realisering av Flokehyttene ved Ryvarden Kulturfyr.  «Haugesund Turistforening har utarbeidet et prosjekt som innebærer 6 mindre hytter strategisk plassert i landskapet, alle med utsikt ut mot havet. Den ene hytta er større og vil være tilpasset bevegelseshemmede. Hyttene vil bli plassert i naturlige åpninger mellom bergknausene og har en utforming som gjør at de glir inn i terrenget.»	-	500 000	Tiltaket vurderast å ha avgrensa effekt på fylkesnivå, og kan tenkjast å kvalifisere til søknadsordningar under kultur, idrett og friluftsliv og folkehelse.	-
Vestlandske Grube Company	Tilskot til opprusting av Sjøhuset i Buavåg.	-	264 000	Tiltaket har preg av å vere lite regionalt retta. Det kan også sjå ut til å kome innunder støtteordning for lokale kulturbygg.	-
Nordhordland Pistolklubb	Tilskot til oppbygging av utendørs skytebane.	-	Ingen søknadssum	Tiltaket har preg av å vere lokalt retta, og femner i avgrensa grad om heile hordalandsamfunnet.	-

Søkjær/prosjekt	Om prosjektet (ifølgje søkjær)	Totale utgifter	Søknadssum	Fylkesrådmannen si vurdering	Tilråding
Fløen vel	Tilskot til ei idéskisse til ny bruk og ny plassering av Kalfarveien 99.	-	115 000	Tiltaket har preg av å vere lite regionalt retta. Det kan også sjå ut til å kome innunder støtteordning for lokale kulturbygg.	-
KFUK KFUM Forandringshuset Loddefjord	Tilskot til ettermiddagsaktiviteter for barn og ungdom.	-	100 000	Tilskotet har lokalt tilsnitt, og ser ut til å kunne høyre innunder søknadsordningar for kultur.	-
Visit Austevoll	Tilskot til å jobbe aktiv med å skape aktiviteter i lavsesongen oktober/mars. Skape kulturarrangement retta mot vaksent publikum. Mat, musikk og aktivitetar i naturen.	-	100 000	Tiltaket har lokalt fokus, og kan kvalifisere til søknadsordningar under næring og kultur.	-
Kronstad Kampsporklubb	Tilskudd for utvikling av kickboksing for barn og ungdom.	-	Ingen søknadssum	Tiltaket har lokalt preg, og kan kvalifisere til søknadsordningar under kultur, idrett og friluftsliv.	
Bærekraftig liv Løvstakken	Tilskot til utvikling og etablering av Solheim byhage.	-	50 000	Tiltaket har lokalt preg, og kan kvalifisere til søknadsordningar under kultur og folkehelse.	

Søklar/prosjekt	Om prosjektet (ifølgje søklar)	Totale utgifter	Søknadssum	Fylkesrådmannen si vurdering	Tilråding
Bergen Elite ballklubb	Tilskot til å utgreie ny organisasjonsmodell innanfor dagens idrettsbevegelse og nye finansieringsformer for bærekraftig samspel mellom idrett og skule.	-	80 000	Fylkesrådmannen vurderer at prosjektet slik det går fram av søknaden, har eit landsomfattande verkeområde, og at det slik sett ikkje fell naturleg inn under fylkeskommunen sitt ansvarsområde. Det er også lite som knyter prosjektet opp mot hovudmåla i utviklingsplanen.	-
Venskap Stord-Comalapa	Tilskot til gjennomføring av ulike arrangement i regi av organisasjonen.	-	10 000	Tiltaket har i lita grad eit regionalt preg.	-
Kolstihagen sykehjem	Tilskot til kastrering av to terapikaninar.	-	3800	Tiltaket har særst utprega lokal målgruppe, og fylkesrådmannen vurderer at det i lita grad oppfyller kriteria for tilskotsordninga.	-
Eikanger-Bjørsvik Musikklag	Midlar til to kartleggingsprosjekt: 1. Kartlegging av medlemsutvikling i skulekorps 2. Kartlegging av brassbandhistoria i nye Alver Kommune		40 000	Prosjekta femner i avgrensa grad om heile hordalandsamfunnet. Tiltaka kan også kvalifisere til søknadsordningar under korpsstøtte, arkiv og dokumentasjon.	-
Austrheim ungdomsklubb/ HavGlede	Støtte til å kunne drive havsportaktiviteter for store og små i Austrheim kommune i månadane april til oktober.	578 000	100 000	Tiltaket har eit for lokalt tilsnitt til å oppfylle kriteriet om å femne heile fylket. Tiltaket kan også tenkjast å kvalifisere til støtteordningar under idrett og friluftsliv.	-



Søklar/prosjekt	Om prosjektet (ifølgje søklar)	Totale utgifter	Søknadssum	Fylkesrådmannen si vurdering	Tilråding
Pievino AS	<p>Tilskot til å arrangere et inspirasjonsforedrag for næringslivet i Hordaland:</p> <p>«Vi ønsker å hente inspirasjon til å skape noe vesentlig nytt i markedet i Bergen og Hordaland, og ønsker i den anledning å se til Göteborg, som er en by som på mange vis kan sammenlignes med Bergen. Vi ønsker å invitere medlemmer fra nettverkene til Matarena, Bergen Reiselivslag, Fjord Norge, Innovasjon Norge, Etablerersenteret, Bergen Næringsråd og øvrige kilder for interessenter.»</p>	-	55 000	Foredraget som det er søkt om vurderast å ha avgrensa verdi for hordalandsamfunnet, og at det i lita grad oppfyller kriteria for denne tilskotsordninga. Tiltaket kan kvalifisere til støtteordningar under næringsutvikling.	-
Øvre Eikeviken hagelag	Tilskot til rydding og forskjønning av området rundt Eikevikstjernet i Bergen.	-	33 000	Tiltaket har lokalt preg. Det kan kvalifisere til støtteordningar undre natur og klima og idrett og friluftsliv.	-
Pievino	Søker tilskot til å initiere et nettverk for små matgründarar i Hordaland for å kunne utveksle erfaringar, skape ei samarbeidsplattform og skape synergjar mellom aktørane.	-	100 000	Søknad er lite utfyllande. Det regionale perspektivet er avgrensa i tiltaket. Tiltaket kan tenkjast kvalifisere til støtteordningar under næringsutvikling.	-

Søklar/prosjekt	Om prosjektet (ifølgje søklar)	Totale utgifter	Søknadssum	Fylkesrådmannen si vurdering	Tilråding
Norsk Folkehjelp Sunnhordland	<p>Tilskot til diverse tiltak, m.a. integrering av innvandrarak og kurs i kjeldesortering:</p> <p>Deltakarak: Flyktningar/ asylsøklarar frå mottak og innvandrarak som er busett i Stord Fitjar og Bømlø kommunar. Von om å få rundt 15 deltakarak på kurset. Gjennomføring: Oktober 2019 Målsetjinga for kurset er å gi kompetanse på sortering av avfall: plast, papir, rest, EE-avfall, gjenbruk, korleis handtera anna miljøskadeleg avfall som er vanleg i hushald(t.d. malingsrestar), samt gi ei innføring i kviforme ønskjer å ha eit system for handtering av avfall i Noreg.</p>	-	Ingen søknadssum	Tiltaket byggjer godt oppunder tre av hovudmåla i utviklingsplan for Hordaland, men det geografiske nedslagsfeltet er lite. Fylkesrådmannen vurderer likevel at det er grunnlag for å gje tilskot.	25 000
Pievino	Støtte til studietur til Slovenia.	-	100 000	Søklar er næringsdrivande. Det regionale perspektivet er avgrensa i tiltaket. Tiltaket kan kvalifisere til støtteordningar under næringsutvikling.	-

Søklar/prosjekt	Om prosjektet (ifølgje søklar)	Totale utgifter	Søknadssum	Fylkesrådmannen si vurdering	Tilråding
KFUK KFUM Ynglingen	Støtte til St. Jakobs diakonale ungdomsarbeid «Bølgen».	-	80 000	Tiltaket har lokalt preg, og kan kvalifisere til søknadsordningar under kultur og idrett og friluftsliv.	-
Samnanger bibliotek	Søker om 250 000 til å fullføre prosjekt «Meiroppe bibliotek».	-	250 000	Tiltaket har lokalt preg, og kan kvalifisere til søknadsordningar under kultur og bibliotek.	-
Bygdagnist AS	Støtte til forstudium som vil: - Finna best practice innan regional branding som gjev grunnlag for ei identitetshandbok til bruk både i forvaltning og privat næringsliv - Analysera demografiske variablar for tilflytting og nettverkssamarbeid - Finna grunnlag for arenaer for co-working på bygda som tiltrekk miljø frå byane - Utsdondera nye målgrupper tiltrekk av rurale fasilitetar	300 000	150 000	Forstudien er breitt definert, og vurderast å femne i avgrensa grad om heile hordalandsamfunnet. Tiltaket kan tenkjast å kvalifisere til søknadsordningar under næringsutvikling og kultur.	-

Søklar/prosjekt	Om prosjektet (ifølgje søklar)	Totale utgifter	Søknadssum	Fylkesrådmannen si vurdering	Tilråding
Foreningen Asylet	<p>Tilskot til forprosjekt for etablering av Samfunnslaboratoriet for sosialt entreprenørskap og sosial innovasjon i Hardanger som skal skape:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ein arena for samskaping på tvers av dei tradisjonelle samfunnsinndelingane</li> <li>- En næringslivsdugnad for kvalifisering, arbeid og sosialt entreprenørskap som verktøy for helse, oppvekst og inkludering</li> </ul>	910 000	590 000	Forstudien har Hardanger som fokus, og oppfyller slik sett i avgrensa grad kravet om å femne heile fylket. Prosjektet kan tenkjast å kvalifisere til søknadsordningar under næringsutvikling og kultur.	-
Åsane Seahawks	Søker tilskot til å utstyre 10 ungdomsskoler i Bergen med 3 amerikanske fotballer og belter/flagg, som er en form for amerikansk fotball uten kontakt og beskyttelse.	-	30 000	Tiltaket har eit lokalt preg. Prosjektet kan tenkjast å kvalifisere til søknadsordningar under folkehelse, idrett og friluftsliv.	-
Pievino AS	Søker tilskot til ein studietur for kokkar, medlemmer frå siderklynga i Hardanger, samt reiselivsaktørar frå Hordaland, til Slovenia og Italia.	-	100 000	Prosjektet vert vurdert å ha avgrensa effekt for hordalandsamfunnet, og kan tenkjast å kvalifisere til søknadsordningar under næringsutvikling.	-